

**Påkjøyrte rådyr i vegkanten**

29.05.2011

**Eit trafikdrept rådyr har no lege i vegkanten på Rød ei veker tid. Påkjørselen er eit svært aktuelt apropos til vedtaket i kommunestyret toirsdag om start av rådyrjakt. Det skal vera mykje rådyr i denne delen av Uskedalen.**

Men folk er i undring over at dyret har lege der så lenge og spør kven som har ansvaret. Er det ettersøkslaget?

-Nei, det er ikkje ettersøkslaget som har ansvaret, det er vedkommande grunneigar på Rød, opplyser Klara Bakke.

- Ettersøkslaget er til for å jakta på skada hjortevilt, ikkje for å vera begravelsesbyrå, legg ho til.

Av Ola Matti Mathisen